

Tilleggsinnkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 04.02.2021
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 15:00

~~Møte startar med synfaring på omsorgsbustader på Hosteland 09:15~~ Synfaringa går ut pga forfall. Møte startar 10:45 på kommunehuset

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 016/2021 Søknad om mindre reguleringsendring for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo
- 017/2021 Prosjekt knytt til drikkevatt i Masfjorden kommune 2021 - 2022
- 018/2021 Kraftmelding pr. 31.12.2020
- 019/2021 Søknad om lån frå Berivest

3. februar 2021

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	21/98

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Orientering om vedtak
2. Faglig vurdering av mulige nye nasjonalparkområder
3. Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland - utkast planprogram
4. Tilrettelegging av tursti ved idrettsanlegget på Hosteland
5. Søknad om tilskot til tursti
6. Fornying av avtale om prestestilling
7. Skule - og barnehageruta 2021-2022
8. Søknad om støtte til inntektstap grunna Covid 19
9. Klage på reguleringsvedtak i sak om datasenter på Matre
10. Kommentar til saka om Leiingsressurs i oppvekstområda Matre, Sandnes og Nordbygda

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Britt Inger Myhr
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1108 - 21/1018

Saksbehandlar:
Rita Ludvigsen
rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no

Dato:
28.01.2021

Skule - og barnehageruta 2021-2022

Vedlagt finn du skule og barnehageruta for 2021-2022.

Utkast vart sendt ut på høyring, og det er kome inn 6 innspel til skuleruta. Utkastet er no sett i samnheng med innspela, og det er gjort nokre endringar.

Skuleruta for 2021-2022 ligg som vedlegg.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Rita Ludvigsen
oppvekstleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Skule og barnehagerute 2021-2022 Masfjorden

Mottakrar:

Britt Inger Myhr	5981	MASFJORDNES
Dorte Rømsing	5986	HOSTELAND
Frank Kvinge	5981	MASFJORDNES
Geir Follesø		
Inger Marie Duesund	5986	HOSTELAND
Jon Torstein Bakken	5981	MASFJORDNES
Liv Øydis Trædal	5984	MATREDAL
Maja Aven Dahle		
Maja Aven Dahle	5984	MATREDAL
Ørjan Valestrand		
Åshild Skuggedal	5981	MASFJORDNES



Masfjorden kommune

Skule- og barnehagerute 2021-22

Månad:	Dag og dato:	Hending:	Dagar:
August 2021	Måndag 16. (Nytt barnehageår) Tysdag 17. Onsdag 18 Torsdag 19.	Planleggingsdag skule og barnehage (elevfri) Planleggingsdag skule og barnehage (elevfri) Planleggingsdag skule Barnehagen startar Fyrste skuledag	9
September 2021			22
Oktober 2021	Veke 41, 11.til 15. oktober	Haustferie for skulane	16
November 2021	Fredag 5.	Planleggingsdag skule (elevfri)	21
Desember 2021	Onsdag 21.	Siste skuledag før jul	15
Sum skuledagar	Haust 21		83
Januar 2022	Måndag 3. Fredag 28.	Fyrste skuledag etter jul Planleggingsdag barnehage Planleggingsdag skule og barnehage (elevfri)	20
Februar 2022	Veke 9, 28.februar til 4.mars	Vinterferie skulane	19
Mars 2022	Veke 9, 28.februar til 4.mars	Vinterferie skulane	19
April 2022	11.-18	Påskeferie	15
Mai 2022	Tysdag 17. Torsdag 26. Fredag 27.	Grunnlovsdag Kr. Himmelfartsdag Elevfri dag	19
Juni 2022	Måndag 6. Onsdag 22. Torsdag 23 Fredag 24.	2.pinsedag Siste skuledag Planleggingsdag skule Planleggingsdag barnehage	15
		Sum skuledagar våren	107
		Sum skuledagar i alt	190

Planleggingsdagar skulane: 16, 17. og 18.august, 5.november, 28.januar og ein dag som skulane sjølve disponerer.

Planleggingsdagar barnehage: 16. og 17. august, 3.januar, 28. januar og ein dag som barnehagane sjølve disponerer.

SFO er stengd dei dagane skulane har planleggingsdag.

Solheim Grendahus SA
Solheimsneset 3
5983 Haugsvær

Furebotten 14.12.2020

Masfjorden Kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Søknad om støtte til inntektstap grunna Covid 19.

Solheim Grendahus SA har i 2020 som konsekvens av Covid 19 ikkje kunne gjennomført ei rekkje arrangement til inntekt for drifta av Grendahuset.

Arrangement som har vorte avlyst er

- Godt voksen fest, 14.03.2020 forventa inntekt ca. 10000kr
- 17 mai feiring, 17.05.2020 -----«----- ca. 8000kr
- Jonsokfeiring, 24.06.2020 -----«----- ca. 2000kr
- Julemesse, 22.11.2020 -----«----- ca. 30000kr
- Bygdekveld, 27.12.2020 -----«----- ca. 25000kr
- Bryllaup, 22.08.2020 -----«----- ca. 4000kr
- 80 års dag, 18.04.2020 -----«----- ca. 4000kr
- Anna utleige til konfirmasjon, dåp og div feiringar ca. 10000kr

Totalt tap for Solheim Grendahus SA i 2020 er ca. 93000kr

For styret

Sissel Trædal

Frå: Lars Langhelle <lars.langhelle@hotmail.com>
Send: måndag 14. desember 2020 11:03
Til: Post Masfjorden kommune
Kopi: Lars Langhelle
Emne: Vs: støtte til grhus
Vedlegg: Covid 19.odt

Kategoriar: Avventar tilbakemelding

Fra: Sissel Trædal <sisseltraedal@gmail.com>
Sendt: mandag 14. desember 2020 10:24
Til: Lars Langhelle <lars.langhelle@hotmail.com>
Emne: støtte til grhus

Hei Lars.

Eg har no laga eit skriv, men eg finn ikkje ut kor det skal sendast ... Kan du finne ut og sende?
Sissel

Fra: Arnold Matre <arnold-m@online.no>
Sendt: fredag 11. desember 2020 00:00
Til: Post Masfjorden kommune
Emne: klage
Vedlegg: Klage på påreguleringsvedtaki sak om datasenter på Matre.docx

--

Arnold Matre

Matre 35
5984 Matredal
92469274
arnold-m@online.no

ARNOLD MATRE

MATRE 35

5984 MATREDAL

MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen 2724,

5981 MASFJORDNES

Klage på godkjenning av reguleringsplan for matre næringsområde gnr 52 bnr 10 m.fl.

I møte 22.10.2020, i sak 073/2020 har Masfjorden kommunestyre eigengodkjent reguleringsplan for Matre næringsområde i Masfjorden kommune.

Det vert med dette klaga på kommunestyret sitt vedtak.

Bakgrunn for klagen:

Som kunngjeringssteksten gjer klart så er føremålet med reguleringsarbeidet å leggja til rette for eit større næringsbygg /datasenter på Litle Matre.

Underteikna bur på Matre og eig landbrukseigedomen gnr 49 bnr 3, 21 m.fl. Eg har vore sterkt engasjert i heile planprosessen og gjeve skriftlege merknader til planstrategi, oppstartsmelding og planframlegg m.m.

Frå moglege datasenter og til mi eigedomsgrense er det om lag 80 meter, berre E39 og Matreselva ligg i mellom. Til soveromsglasert vårt vil det vera max 160 meter i luftlinje – utan nokon bygningar i mellom.

Dersom det vert bygd eit datasenter innanfor tilerrettelagt areal, vil det kunne føra til store ulemper med m.a støy.

Ut frå momenta over hevder eg å ha rettsleg klageinteresse.

Kva det vert klaga på og kvifor:

Underteikna har vore kritisk til planprosessen heilt frå starten. Dette gjeld mangel på informasjon, hemmelegald, mangelfulle utgreiingar og manglande oppfølging og svar på innsendte merknader.

Eg vil særleg ta for meg følgjande moment:

A. Hemmelegald av føremålet med planarbeidet.

Oppstartsmeldinga vart kunngjort utan at det i denne var gjort greie for hovudføremålet med reguleringa – eit omstridt datasenter. Det var ikkje planlagt informasjonsmøte eller på annan måte tenkt informert om dette før opprinneleg høyringsfrist for å gje uttale gjekk ut

27.03.20. Kommunen endra dette etter at underteikna hadde ein langt e-postdialog med assisterande rådmann, med krav om at kommunen gjekk ut med informasjon om føremålet med planarbeidet – samt utsetjing av frist.

Kommunen v/ordførar har også halde hemmeleg kva interessentar som er aktuelle – dette stadfesta han på bygdemøte i juni.

Det meste av viktig informasjon, og informasjonmøter, har kome etter krav frå innbyggjarar.

B: Manglande dokumentasjon av støyfare m.m for bustadane på Matre.

Dei fleste som har gjeve merknad til planarbeidet har peika på faren støy frå eit datasenter vil utgjera for bumiljøet på Matre. Støyrapporten som låg ved høyringsutkastet var tufta på generelle krav og støymålingar. Dei var også tufta på gjennomsnittsverdiar.

Eg kan ikkje sjå at kommunen si staksutgreiing på ein tilfredsstillande måte svarar på innbyggjarane sin spørsmål.

Ein frykta også at når første eit milliardbygg er sett opp, så vil dei få dei naudsynte dispensasjonar sjølv om dei ikkje klarar å halda støykrava i føresegnene til planen.

Me ber Fylkesmannen vurdera om risikoen for støyplagar for innbyggjarane kan overskrida det som er forsvarleg.

Me krev med dette at Fylkesmannen opphevar kommunen sitt vedtak av planen.

Vedlegg vil verta ettersendt.

Matre, 10. desember 2020

Med helsing

Arnold Matre

Til formannskapet i Masfjorden kommune

Kommentar til saksframlegg, dokumentID 25/584, arkivsakID 21/54

Leiingsressurs i oppvekstområda Matre, Sandnes og Nordbygda.

Underteikna vil med dette notatet kome med kritikk til innhald og saksgang i saksframlegget vedkommande leiingsressurs i Matre, Sandnes og Nordbygda oppvekstområde.

Kritikken har tre hovudfokus: Prosess, saksgrunnlag og begrunning.

Prosess: Å endre leiingsstrukturen og leiingsressursen i oppveksteiningane ser me på som djuptgripande, og med store konsekvensar for barnehage og skule. Konsekvensar både i stillingsinnhald og arbeidsmetodar, men og i høve til kva Masfjorden kommune vil med oppvekstsektoren sin. Det opplevast derfor som svært udemokratisk at rektorar og styrarar ikkje har vore med i prosessen som har ført fram til saksframlegget formannskapet skal ta stilling til. Det er ikkje berre udemokratisk, det strir mot alle typar prosessar og partssamarbeid Noreg er kjend for å bruke i arbeidslivet.

Det er heilt rett slik det står skrive i saksframlegget at rektorar og styrarar vart gjort kjend med saka. Oppvekstleiar orienterte om politkarane si bestilling november 2020. Det vart ikkje orientert om korleis og når arbeidet med å studere «Gulen-modellen» skulle ta til, og kven som skulle ta del i det. Tysdag formiddag 26.1.21 får rektorar og styrarar tilgang til utkastet, og rektorane vert kalla inn til eit digitalt møte same dag beramma til 30 minutt for å drøfte saka. Styrarane vert kalla inn til same type møte onsdag 27.1.21. Slik me ser det, er ein slik prosess verken sakleg eller fagleg. Oppvekstleiar skriv i saksframlegget at det er «viktig å leggja opp til ein god fagleg prosess i etterkant». Me har vanskar med å forstå kvifor den faglege prosessen skal vere i etterkant, den bør sjølvstøtt vere i forkant slik at alle sider vert belyst før eit eventuelt vedtak, og basert på gode faglege vurderingar.

Saksgrunnlag: Skal Masfjorden kommune sine oppveksteiningar endrast på grunnlag av to telefonsamtalar med to rektorar i nabokommunen, i tillegg til ein nyttilsett leiar for oppvekstsektoren i Gulen kommune? Oppvekstleiar har ikkje henta inn synspunkt og faglege vurderingar frå sine eigne rektorar og styrarar. Det står i saksframlegget at «der er skepsis til organiseringa». Då har oppvekstleiar ikkje forstått kva som kom fram i begge møta på a 30 minutt 26.1.21 og 27.1.21. Rektorar og styrarar har ikkje tatt stilling til organiseringa, me er skeptiske til prosessen og til grunnlaget saka er bygd på. Me har ikkje vore med i prosessen. Dersom ein hadde følgd vanlege spelereglar i utgreiingsprosessar, kunne me ha bidratt til å belyse ulike modellar og løysingar på eit fagleg grunnlag, og slik bidra til godt forankra løysingar for oppveksteiningane i Masfjorden kommune. Rektorar og styrarar samarbeidar godt med kvarandre i Masfjorden kommune, og me torar å hevde at me leverer faglege vurderingar av høg kvalitet. «Gulen-modellen» er ikkje evaluert av Gulen kommune. Evalueringsarbeidet der skal gjerast i løpet av våren 2021.

Begrunning: «Gulen-modellen» er ein av fleire moglege løysingar. Det går ikkje fram av saksframlegget. Saksframlegget inneheldt heller ikkje kritiske perspektiv på «Gulen-modellen», noko me stiller oss spørjande til. Oppvekstleiar koplur saman synkande barnetal med reduksjon av leiingsressursen i oppvekstområda. Me er heilt på det reine med at barnetala i kommunen går ned,

men det er ikkje eit argument for «Gulen-modellen». Det er eit argument for at me må sjå på ulike løysingar for å drive meir økonomisk, mellom anna «Gulen-modellen». I høve til leing, uansett om det er skule eller barnehage, får leiarar generelt fleire og fleire arbeidsoppgåver i oppvekstsektoren. Omfanget av leiaroppgåvene endrar seg ikkje med barnetalet. Me utfører dei same oppgåvene uansett om me skriv 50 eller 100. I saksframlegget vert det vidare opplyst at leiingsressursen vil sikre rekruttering og kompetanse utan at det vert vist til korleis «Gulen-modellen» sikrar dette. Det er ein påstand utan belegg.

Den korte gjennomgangen over viser kvifor me krev ein ny og grundig prosess. Me vil vere med i prosessar som gjeld kommunen vår, stillingane våre og faget/kompetansen vår. Vedtak som vil ha konsekvensar for mange i mange år framover, bør vere solid forankra i eigne rekkjer. Me tek på noverande tidspunkt ikkje stilling til «Gulen-modellen». Det kan me gjere når modellen er belyst i ein større kontekst. Det vil me gjerne bidra til. Me vil bidra til at Masfjorden kommune finn gode faglege løysingar på dei problemstillingar som oppstår i sektoren vår, men me forventar solide, demokratiske og faglege prosessar. Det krev samarbeid og tid, både horisontalt og vertikalt i organisasjonen.

Slik me ser det er dokumentet frå oppvekstleiar eit saksframlegg der det vert lagt fram eit framlegg til vedtak, og ikkje eit svar på formannskapet si bestilling: Utgreiing og talfesting av «Gulen-modellen». Hovudgrunngevinga er det pedagogiske slik det kjem fram i konklusjonen i saksframlegget. Dei pedagogiske aspekta er ikkje greidd ut.

Det er viktig for oss å presisere at me ikkje er i mot endring. Me forstår bestillinga og behovet for utgreiing. Me ber om at problemstillingane vert tydeleggjorte og at saka vert betre utgreidd. Me ber og om at prosessen følgjer tradisjonelle spelereglar for partssamarbeid og problemløysing.

29. januar 2021

Med venleg helsing

Maja Aven Dahle

styrar

Matre barnehage

Inger Marie Wesetvik Duesund

styrar

Nordbygda barnehage

Åshild Skuggedal

styrar

Sandnes Barnehage

Geir Follesø

rektor

Nordbygda skule

Dorte Rømsing

rektor

Sandnes skule

Liv Øydis Trædal

rektor

Matre skule

Frå: Dorte Rømsing
Send: fredag 29. januar 2021 17:34
Til: Post Masfjorden kommune
Kopi: Maja Aven Dahle; Inger Marie Wesetvik Duesund; Åshild Skuggedal; Geir Follesø; Liv Øydis Trædal
Emne: Kommentar til saka om Leiingsressurs i oppvekstområda Matre, Sandnes og Nordbygda
Vedlegg: Kommentar til saksframlegg om Leiingsressursen i oppvekstområda i Masfjorden - formannskapsmøte 040221.docx

Hei,

Rektorane og styrarane i Masfjorden kommune ber om at vedlegget i denne e-posten kjem fram til formannskapet og formannskapsmøtet 4.2.21.

Vedlegget er ein kommentar til saka om endring av leiingsressurs i oppvekstområda i Masfjorden kommune.

Med helsing

Dorte Rømsing

Rektor Sandnes skule

Mob: 95247363

dorte.romsing@masfjorden.kommune.no

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-L12, TI-&21	21/99

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021

Søknad om mindre reguleringsendring for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om mindre reguleringsendring for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo - brev frå Vestland fylkeskommune	28.01.2021
Vedlegg søknad om mindre reguleringsendring Einestrand - Nordkvingo - kart og profil av 22.01.2021	28.01.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Mindre reguleringsendring for del av reguleringsplan for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo vert sendt på avgrensa høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.3 ledd. Det vert vist til plankart dagsett 22.01.2021 som viser endringa.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:


Det er i e-post dagsett 28.01.2021 frå Vestland fylkeskommune kome inn framlegg om mindre reguleringsendring innanfor reguleringsplan for fylkesveg 570 Einestrand – Nordkvingo (planid 126620130003)

Bakgrunn for søknaden:

Avkøyringane som ligg på gnr. 38 bnr 1 skal slåast saman til ei avkøyring. Dette fordi den nordlegaste avkøyringa har fått forverra sikt grunna vegutbetring lang fv. 570. Dette flyttinga ligg og inne i reguleringsplanen, sjå figur 1. Det viste seg i samband med nærmare planlegging av denne vegomlegginga, at vegtraséen som ligg inne i reguleringsplanen går over ein brønn til ein fritidsbustad i området, på gnr. 38 bnr 92.

Vestland fylkeskommune føoreslår difor ein ny vegtrasé 15 – 20 meter lengre nord for den som er regulert, jf plankart av 22.01.2021, der endringen er vist. Nedunder er kartet vist, noverande veg sin sjak bort er vist grøn, og den nye traseen er vist tydeleg, medan den regulerte veglinja er vist med

svakare gråfarge nærmast løa.



Vurdering

Rådmannen meiner at flyttinga av tilkomstvegen er kurant og kan gjennomførast som ei mindre endring etter forenkla planprosess. Både det at vegen vil unngå å øydeleggja brønnen, og fordi det og vil gå med mindre dyrka areal til vegen talar for at det berre er fordeler med planendringa. Vidare er rådmannen samd i at flyttinga/justeringa av vegen medfører at vegen betre kan følgje terrenget og at det er ein fordel at den no kjem lenger bort frå driftsbygningen på bruket.

Før det vert gjort endeleg vedtak skal planendringa sendast til råka myndigheiter, eigarar og naboar som direkte vert råka av vedtaket og eventuelt andre råka parter, slik at disse får høve til å uttale seg. Dette må gjerest når planforslaget er handsama i medhald av Plan- og bygningsloven § 12 – 14, 3. ledd, der det står:

Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, og andre berørte, skal gis anledning til å uttale seg.

Underretning av vedtak sendes til berørte myndigheter som har hatt merknader, og eiere og festere av eiendommer som direkte berøres av vedtaket.

Konklusjon

Mindre reguleringsendring for del av reguleringsplan for fylkesveg 570 Einestrand - Nordkvingo vert sendt på avgrensa høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.3 ledd. Det vert vist til plankart frå Vestland fylkeskommune dagsett 22.01.2021 som viser endringa, samt brev som skildrar planendringa dagsett 28.01.2021.

Dato: 28.01.21

Søknad om mindre reguleringsendring for fv. 570 Einestrand - Nordkvingo Plan ID 126620130003

Søknad om mindre endring av reguleringsplanen i samsvar med plan- og bygningsloven §12-14.

Gjeldande reguleringsplan vart vedtatt 18.06.15

Bakgrunn for søknaden:

Avkøyringane som ligg på gnr./bnr.: 38/1 skal slåast saman til ei avkøyring. Dette fordi at den nordlegaste avkøyringa har fått forverra sikt grunna vegutbetringa av fv. 570.

Dette ligg inne i reguleringsplanen, sjå figur 1. Det viste seg at vegtraséen som ligg inne i reguleringsplanen går over ein brønn til ein fritidsbustad i området, på gnr./bnr. 38/92.

Forslag til endring:

Vestland fylkeskommune foreslår difor ein ny vegtrasé 15 – 20 meter lengre nord for den som er regulert.

Konsekvens av reguleringsendringa

Ein unngår å måtte gjere noko med brønnen til fritidsbustaden. Ein nyttar og eksisterande veg om lag 15 meter lengre og hentar høgde der. Det nye regulerte område er flatare og vegen kan følgje terrenget betre før den må stige mot hovudvegen, sjå areal til fylling på figur 2. Dermed vert det mindre terrenginngrep.

Bilistane får ei betre inngang mot hovudvegen.

Avsluttande kommentar


Vestland fylkeskommune meiner at å lage vegen slik er ei betre løysing enn det som ligg inne i reguleringsplanen. Både med tanke på nemnte brønn, og at det går mindre areal vekk til ny vegen, ettersom det nye forslaget gjev kortare strekk med ny veg.

Eksisterande veg vert omgjort til dyrka mark.

Vegen ligg ikkje i konflikt med kulturminne.



Figur 1 reguleringsplan



Figur 2 forslag til reguleringsendring.

Med helsing

Vestland fylkeskommune

Joar Rykkje Hopland
byggeleiar

prosjekt Bergen

infrastruktur og veg




tlf.: 91 88 90 18

www.vestlandfylke.no

Vedlegg:

C-teikning over ny avkjørsel



Tegnforklaring

- | | | | |
|---------------------------|--|-----------------|--|
| Prosjekttert | | Eksisterende | |
| Ny veg/grusdekke | | Vegbane | |
| Grøft/skråning | | Eiendomsgrenser | |
| Landbruksareal | | | |
| Mur | | | |
| Vegtrase i reg.plan | | | |
| Hensvisning til vegmodell | | | |

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb.	Kontr.	Godkjent	Rev. date
Vestland fylkeskommune		Tegningsdato	22.01.2021		
Fv 570 Austfjordvegen		Bestiller	Andreas Kolås		
Einestrاند - Nordre Kvinge		Produsert for	Vestland (VLFK)		
Plan og profil		Produsert av	INV-Prosjektering		
Tiltak 5 - avkjørsel		Prosjektnummer	305921		
Konkurransesgrunnlag		Prosjektfasennummer	305921k01		
Utarbeidet av		Arkivreferanse			
JOAHOP		Målestokk A1-format	1:200		
Kontrollert av	Godkjent av	Side 20 av 48		EUREF89NTM/INN2000	
		Tegningsnummer /		C006_1	
		revisjonsboksnavn			

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-M10	21/100

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021

Prosjekt knytt til drikkevatt i Masfjorden kommune 2021 - 2022

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Vassleidning kart Hosteland	31.01.2021
Søknad om tilkopling til kommunalt vatn - gnr 14 bnr 22 m.fl.	31.01.2021
Kart kvamme - vassleidningsprosjekt	31.01.2021
Oversikt over interessentar - framlegging av kommunalt vatn Rambjørsvika	31.01.2021
Leidning Rambjørsvika	31.01.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune prioriterer følgjande prosjekt i 2021:

1. Ny trykkaukestasjon ved Legdavic
2. Trykkaukestasjon til planlagt bustadfelt på Varleitet.
3. Vassleidning frå område Fensfjordbygg til bustader i Yndesdalsvegen 22, 26 m.fl. må utgreiast meir før ein kan ta endeleg avgjerd om kommunal deltaking. Rådmannen får fullmakt til å forhandle med dei aktuelle abonnentane om fordeling av kostnader, og leggja fram avtale til politisk handsaming.

Oppstart av ny hovudplan for drikkevatt vert lagt fram som eiga sak hausten 2021. Prosjekt 4 og 5 nemnt nedunder vert å drøfta nærmare i samband med dette planarbeidet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

I budsjettsak 082/2020 vedteke i kommunestyret den 30.11.2020 ligg det inne årlege investeringar til drikkevatt på krone 600.000 i økonomiplanperioden 2021 – 2024.

Administrasjonen vil nedunder peike på fleire aktuelle prosjekt innanfor drikkevassområdet som det

er viktig å få drøfta og vedteke politisk.

1. **Ny trykkaukestasjon i Legdavika** er eit viktig prosjekt. Deler av denne sentrale trykkaukestasjonen er frå 80-talet, og administrasjonen ser at behovet for fornying av dette anlegget som svært stort. Anlegget her pumpar vatn opp i høgdebassenget på Hosteland, og sviktar anlegget her vil det vera kritisk for hovudvassforsyninga både til Hosteland og vidare til Hovden-bassenget i Gulen kommune, samt forsyninga som går over fjorden til abonnentane på Masfjordnes/ Sandnes. Noverande anlegg er vanskeleg å drifta med aggregat om det vert straumstans, og slitasje over tid har gjort det svært påkravd med nytt anlegg. Ny trykkaukestasjon i Legdavika vil kome på cirka krone 800.000,-.
2. I samband med drøftingar knytt til utbygging av **Varleitet på Kvamme** har administrasjonen kome til at det vil vera behov for ein mindre trykkaukestasjon for å sikre jamt trykk til bustadane som skal koma. Dette er ein mindre pumpestasjon og kostnaden vert stipulert til rundt krone 300.000,-. Deler av dette arbeidet kan kanskje gjerast i 2022, det får ein vite meir om når framdriftsplanen til utbyggjar/ entreprenør er klar. For å vera på den sikre sida rår ein til at det vert avsett midlar i 2021 til dette prosjektet, som vil gje nye innbyggjarar til kommunen. Det vert vist til eiga sak om utbyggingsavtale Varleitet, der denne utbygginga er skildra nærmare.
3. Det ligg føre **søknad frå Ivar Duesund** dagsett 17.12.2020 (sjå vedlegg) om tilknytning til kommunalt drikkevatn til 6 bustader/ eigdomar langs Yndesdalsvegen. I søknaden kjem det fram at ein eigedom har for lite drikkevatn og andre har drikkevatn av dårleg kvalitet, og at det difor hastar med å få gjort noko med vassforsyninga til dette området. Alternativet til kommunal vassforsyning er at dei må bore etter vatn sjølv. Nærmaste stad ein kan kople seg inn på offentleg vassnett er ved Fensfjordbygget, og får ein løyve av grunneigar til å kopla seg på vassleidning ved Fensfjordbygget og til å gå over innmarka, vert grøfta ca 250 meter lang til den første eigdommen. Frå denne staden kan ein leggja opp til at naboskapet organiserer fellesgrøfter vidare. Stipulert grøftkostnad vert krone 500.000,- (ved einingspris 2000 kr/grøftemeter). I tillegg må ein tinga, rør, kummer og røyrleggjararbeid, ein kostnad stipulert til rundt krone 100.000,-. Dette gjev ein total prosjektkostnad på kroner 600.000,-.
4. Det ligg føre brev (sjå vedlegg) frå fleire personar i **Rambjørsvika** som har skrive under på at dei ønskjer tilknytning til offentleg drikkevatn til sine hytter og bustader. Det vert lagt ved kart som både viser det aktuelle området og kor ein sjøleidning på om lag 1,3 km eventuelt kan leggjast for å forsyne området. Dei aktuelle eigedomane ligg på begge sider av Rambjørsvika. Etter administrasjonen si vurdering vil kostnaden med ny sjøleidning kunna stipulerast til rundt 2,5 millionar. I tillegg vil det koma kostnader med grøfter på land, slik at denne investeringa (stipulert) kan verta rundt 4 millionar.

5. Det er kome ønskje om at eigedomar på Kvamme kan få kommunalt drikkevatt fram til seg. Dette gjeld mellom anna 4 bebygde eigedomar og fire ubebygde tomter. Det vert vist til kart Kvamme, som viser at det må etablerast ei ny vassgrøft på ca 170 meter med tilhøyrande kummar til avstikk. Kostnad vert stipulert til rundt krone 400.000.

Vurdering

Administrasjonen har vurdert kor behovet for investeringar er størst innanfor drikkevassområdet, og ønskjer å vera tydeleg på at ein meiner at ny trykkaukeasjon i Legdavika er det viktigaste å prioritere i 2021. Vidare meiner ein at det og er viktig å etablere god drikkevassforsyning fram til nye bustadfelt, jf. målsetting gjeve i kommuneplanen om å styrke folketalet, og at det difor er rett å prioritere ein mindre trykkaukeasjon ved Varleitet på Kvamme som nr 2.

Når det gjeld dei andre prosjekta 3, 4 og 5), meiner rådmannen at det er vanskeleg å finna budsjettmidlar til desse i 2021. Det største prosjektet knytt til Rambjørsvika viser at det etter kvart er vorte viktig å få på plass ein ny hovudplan for drikkevassforsyninga, der ein kan få drøfta dei store og langsiktige utfordringane knytt til drikkevassforsyninga grundig, både fagleg og i høve politiske prioriteringar. Av den grunn rår ein til at kommunestyret hausten 2021 får ei sak knytt til oppstart av ny hovudplan.

Dersom ein kan få til eit spleiselag med oppsitjarane på Hosteland kan ein likevel vurdere å opne for kommunal deltaking i 2021. Denne må då drøftast meir med oppsitjarane i området og andre før kommunen kan ta endeleg avgjerd. Ein rår til at det vert gjeve fullmakt til rådmannen å inngå drøftingar med eigarane av dei aktuelle eigedomane for å forsøke å få til eit spleiselag, som krev anleggsbidrag frå dei aktuelle i tillegg til sjølve tilknytingsavgifta på krone 19.400,- per abonnent. Inngått avtale med finansieringsplan m.v. må godkjennast politisk før prosjektet kan starta opp.

Konklusjon

Det vert vist til tilrådinga.



Situasjonskart -

Dato: 15-01-2021



Målestokk: 1:1 000

Side 24 av 43 30m

*IVAR DUESUND
Kjelånæ 85*

5264 GARNES.

17.12 2020

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

Søknad om tilkopling til kommunalt vatn.

Vi er ein del grunneigarar på Hosteland som er utan vatn eller har vatn av ring kvalitet, og søker med dette om å få kople oss til det kommunale vatnet på Hosteland.


Alle husstandar langs Yndesdalsvegen (YV) og huseigar i Træet 3 er kontakta.

Av desse vik eigar av gnr 14/22 Hroar Matre og eg eigar av gnr 14/6 kople oss til snarast. Eg har og to tomter i haugen bak løa. Desse er planlagt bygt og vil då knyte seg til det kommunale vatnet. Eigar av bnr 14/2 Træet 3 er interessert. Det same er eigarar av husa YV 36 Mans Matre, 40 Turid Rekved og 97 Rolf Tenjum. Eigarane av YV 50 Finn Midtbø og YV 51 Odd H. Midtbø, er kontakta, men har ikkje gitt tilbakemelding.

Då Hroar Matre pr i dag er utan vatn i boreholet han får vatn frå, vonar vi på ei rask sakshandsaming frå kommunen

M.v.h
*Ivar Duesund
Kjelånæ 85*

*5264 GARNES
e-post: ivar.duesund@gmail.com
tlf. 55242667/47236257*



1200mm HDPE rørrør
med avstikk til
4 husstender og
1 font.

Avslutt fra font legges
i same grøft

126m
Avstikk til font
legges i hovedgrøft
for en dekkning.

Kryssing av
drainagegrøften
i området ved bygning mark.

1200mm HDPE
med avstikk til 3 tenner

Flombesørkede tenner
ny ledning koples til
110mm PVC.

Kryssing av
fibreledning i dette
området

Existerende ledning 4 60mm
75mm dekkning

Heil

Viser til dykkar e-post under.

For nokre år sidan la dykkar nærmaste nabo i Fensfjordvegen 1085 saman med andre i nærområdet fram privat stikkledning frå den kommunale ledningen i Nautesund.

Gjeld denne henvendelsen i hovudsak tilknytning av kommunalt vatn til dykkar eigedom, har kommunen tidligare på forespørsel vore i kontakt med eigarane av den private stikkledningen i området. Dei stilte seg positiv til at andre i nærområdet kunne knyte seg til (kjøpe seg inn) i så lenge kapasiteten kan oppretthaldast. Foreslår at du tar kontakt med eigar av Fensfjordvegen 1085 for å avklare dette. Minner om søknad om tilknytning til kommunalt vassverk om du knytter deg til den omtalte private ledningen.

For at kommunen skal planlegge å legge fram ein eigen ledning i same området må vi ha ei oversikt over kven som ynskjer å knyte seg til, då med namn og gnr/bnr

Gunnar Molland

Driftstekniker

Janne Brunlund } gnr. 2/16
Heidi Rekdal } gr. nr. 6 br. nr. 18
Hjördis Rekdal }
Hakon Tve } gnr. 6 br. nr. 19
Petter Hovne } gnr. 3 br. 8
Bente Pilskog } gnr. 6 ~~br. nr~~ br. nr 87
Roper Pilskog } —————
Thomas Kjeldberg } Gn 2 bnr 31
Ue Skarstad } Gnr. 2 bnr 20
M. Bartlett } gr. nr. 2 br. nr. 13 og 15
FINNS RAMBØR } gnr. nr. 2 br. nr 27-30-32
Ole I. Hatlemyr } GNR 3 BNR 10
Anne E Rameberg } GNR 2 BNR 11 tlf: 98698786



<p>Situasjonskart -</p>		<p>Dato: 15-01-2021</p> <p>Målestokk: 1:5 000</p> <p>Side 28 av 43 150m</p>
-------------------------	--	---

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-S09	19/430

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021
	Kommunestyret	PS	

Kraftmelding pr. 31.12.2020

Vedlegg:

Journalposttittel
kraftmelding 31.12.20

Dato
03.02.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftmelding pr. 31.12.2020 vert teken til vitring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret den 13.12.2016 samla seg om at førebels utgåve av Kraftmeldinga var noko ein kunne bygge vidare på. Dei var og samde i at Kraftmeldinga vart lagt fram 2 gonger i året; pr. utgangen av juni og desember.

Fakta

Viser til sjølve kraftmeldinga som følgjer som vedlegg.

Vurdering

Låg kraftprisen i 2020 fekk store konsekvensar for konsesjonskrafta, og stor nedgang i høve førre år. Dei andre kraftinntektene er meir stabile og sikre, men vil få utslag i eigedomsskattegrunnlaget i åra framover.

Obs i forhold til stadige omkampar kring kraftinntektene til kraftkommunane, no i mandat til nedsett utval som skal sjå på kommunane sitt inntektssystem.

I kraftmeldinga vektlegg ein det mest vesentlege i høve kommunen sine rettar og inntekter.

Konklusjon

tilrår at kraftmeldinga pr. utgangen av desember 2020 vert teken til vitring.

Kraftmelding pr. 31.12.2020



Masfjorden kommune



Bakgrunn


13.12.2016 KOMMUNESTYRET

Kommunestyret samla seg om at førebels utgåve av Kraftmeldinga var noko ein kunne bygge vidare på. Dei var og samde i at Kraftmeldinga vart lagt fram 2 gonger i året; pr. utgangen av juni og desember.

Tema i kraftmeldinga pr. 31.desember 2020

1. Kraftpris
2. Kraftinntekter
3. Budsjett og prognose kraftinntekter 2021
4. Nokre andre relevante saker

1.1. Kraftpris – spot



Eksempel på presse/mediaoppslag i 2020

Ny bunnrekord: Strømprisen nede i 0,66 øre i morgen

Lørdag slår strømprisene alle tidligere bunn-rekorder. Både den nordiske systemprisen, norske områdepriser og norsk timepris er de laveste i historien.


2.1. kraftinntekter pr. 31.12.20

	31.12.2018	31.12.2019	prognose 30.6.20	31.12.2020
Konsesjonsavgifter:	2 835 983	3 168 580	3 168 580	3 171 069
Naturressursskatt:	11 715 651	12 035 661	12 000 000	11 530 541
trekk inntektutjamning	-1 900 000	-3 280 000	-2 664 000	-3 143 000
Konsesjonskraft:	12 953 893	14 349 471	-1 000 000	-1 182 026
eigedomsskatt kraftverk & nett:	18 662 824	20 250 859	24 650 512	24 650 512
utbytte	554 319	797 589	621 486	621 486
sum kraftinntekter:	44 822 670	47 322 160	36 776 578	35 648 582

Konsesjonsavgift er knytt til kraftfondet og eige årsbudsjett for desse midlane

Naturressursskatt, nedgang med om lag 500.000 i høve 2019, og samla litt over 11,5 mill.kr.til kommunen, og om lag 2 mill.kr. til fylket. Netto sitt ein att med om lag 73% eller 8,387 mill.kr. i naturressursskatt etter at resten er fordelt til andre kommunar inntektutjamning/ inntektssystemet.

Konsesjonskraft, prognose pr. 30.6.20 innbar at verdien av konsesjonskrafta medførte eit tap på om lag 1 mill.kr., grunna lågare straumpris/spot enn kostprisen til kommunen. Prisen utover hausten svakare enn forventa, medan desember hadde bra prisar, samla minus 1.147.887 og om lag i samsvar med justert 2020 budsjett.



Normalt har konsesjonskraft vorte budsjettert lågt, og vore ein reell reserve, nytta til plan – prosjekt – som i 2019 med fiberutbygginga med 11,5 mill.kr.. For 2020 er denne reserven vekke, og status i 2020 medfører at ein får dette som utgiftspost i stadenfor inntekt.

Eigedomsskatt kraftverk 19,2 mill.kr. og nettdelen som i 2020 utgjer 5,4 mill.kr. – samla sett ein bra auke i 2020, kraftrelaterte postar av eigedomsskatten utgjer over 96% av samla eigedomsskatt til kommunen.

19050 UTBYTTE OG EIERUTTAK -844.828 -750.000 kor utbytte BKK utgjer kr. 621.486

3.1. budsjett og prognose kraftinntekter 2021

	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	prognose 1.febr
Konsesjonsavgifter:	2 835 983	3 168 580	3 171 069	3 171 000
Naturressursskatt:	11 715 651	12 035 661	11 530 541	11 500 000
trekk inntektutjamning	-1 900 000	-3 280 000	-3 143 000	-2 200 000
Konsesjonskraft:	12 953 893	14 349 471	-1 182 026	3 400 000
eigedomsskatt kraftverk & nett:	18 662 824	20 250 859	24 650 512	26 350 000
utbytte	554 319	797 589	621 486	500 000
sum kraftinntekter:	44 822 670	47 322 160	35 648 582	42 721 000

Kraftinntektene svingar ein del frå år til år, i 2020 hadde vi eit svakt år grunna konsesjonskraft, og samla nedgang på 11,7 mill.kr. samanlikna med 2019. 2021 reknar ein med vert om lag 7 mill.kr. betre enn 2020, jf. prognose. Konsesjonskrafta 2021 er selt med garantipris og eigedomsskatt aukar med 1,7 mill.kr.



4. Andre forhold



LVK-nytt

11. november 2020

Nytt landsstyret i LVK er valgt!



Etter at vedtektene ble endret på det ekstraordinære landsmøtet til LVK i august 2019, for å tilpasse styrets sammensetning til den nye regioninndelingen i landet, består styret i LVK etter landsmøtet 2020 av 20 medlemmer i tillegg til leder. [Les mer...](#)

I dag 11. november fra kl. 10.00 avholder LVK for første gang sitt landsmøte digitalt.

På grunn av den vedvarende koronasituasjonen som i Oslo området dessverre har tilspisset seg den siste tiden, besluttet landsstyret til slutt at LVK sitt landsmøte 2020 skal gjennomføres hel-digitalt av [[\] Les mer...](#)

+ sak som berører eigedomsskatt Masfjorden tidlegare år (2014-16), utfallsrom om lag inntil 1,6 mill.kr.,(meir info i møte).

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223, FA-M89	20/1002

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021
	Kommunestyret	PS	

Søknad om lån frå Berivest

Vedlegg:

Journalposttittel

Stiftingsprotokoll Berivest 21 sign
Firmaattest (1)

Dato

02.02.2021
02.02.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Berivest as får tilbod om lån gjennom kraftfondet med inntil kr 500.000 til ferdigstilling investeringsføremål og oppstart av selskapet.
2. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
3. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 11.07.2021

Det er ein føresetnad for utbetaling av lån, at alle punkt under vurderingsdelen er framlagt frå styret i Berivest as og funne akseptable av kommunane

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til kommunestyrehandsaming og vedtak 30.11.2020

Kommunestyret av den 30.11.2020 – sak 085/2020:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 675.000 til restfinansiering for etablering av Berivest – øvingsfelt for brann og beredskap. Midlane vert dekkja over drifta i 2020 rekneskapen, og vert innarbeidd i siste budsjettrevisjon 2020.

Styret rapporterer til formannskapet fram til øvingscenteret er i drift. Eventuelle avvik blir handsama av kommunestyret.

Det har vore tett dialog mellom styre i selskapet og kommunane den seinare tid for å få endeleg etablert selskapet. I denne prosessen har det oppstått eit avvik som gjer at det er behov for ytterlegare kapital til selskapet, og dette avviket er knytt til meirverdiavgift.

Styreleiar i Berivest meiner selskapet må be om eit lån på kr 500.000 frå kvar kommune.

Kompetanseheving/opplæring eige mannskap må settast i gang snarast råd. Desse gjev ikkje inntekter, så i tillegg til å ferdigstille anlegget, må vi ha likviditet til både oppstart av egne kurs, og inntektsgejvande kurs for andre.

Løpande faste utgifter må dekkast, og vi må i noko grad basere oss på å leige inn tenester på timebasis til sal, planlegging og organisering av kursa. Situasjonen rundt Covid-19 fram mot sommaren er også uviss.

Eit lån på 1 000 000 frå kommunane i tillegg til rest frå tidlegare løyvingar, vil vere med å gje selskapet handlingsrom til å komme i forsvarlig drift.

Høyring

Overgang av verdiane frå prosjekt Berivest frå kommunal til selskapet har vore drøfta ein del med revisjon og innad mellom kommunane. Kommunane v/ordførarane og styret er samde om å stå fast ved etablering av as. Vi har bede om uttale av saka/mva.forhold ved overføring til as.

Uttale

frå revisor

Etter merverdiavgiftskompensasjonsloven § 4 ytes kompensasjon «bare i den utstrekning anskaffelsen skjer til bruk i den kompensasjonsberettigede virksomheten»

Vurderinga skal skje på bakgrunn av formålet på anskaffelsestidspunktet.

Fakta

Det har etter kvart vore gjort ein del løyvingvedtak dei siste åra kring etablering av selskapet;

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Etablering av øvingsfelt for GMBR

Vedlegg:

Journalposttittel

Prosjektutredning - Øvingsfelt GMBR 2017

Dato

10.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert gjeve løyve til å etablere øvingsfelt for GMBR i samsvar med prosjektutgreiinga som ligg vedlagt.
2. Kostnadsramma vert på kr 200 000,- eks. mva.

Formannskapet - 028/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden formannskap gjev rådmannen mandat til å utgreie øvingsfelt for GMBR vidare og legg til grunn at dette vert organisert som eige selskap.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

1.2.

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - M73	17/316

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2017	Formannskapet	PS	12.09.2017
051/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

Etablering av nytt øvings- og kompetansesenter for GMBR

KS - vedtak:

1. Det vert etablert eit øvings- og kompetansesenter for brann- og redningstenesta lok Gulen eller Masfjorden kommune.
2. Kostnadsramma med etablering er sett til kr 200 000,- for kvar av kommunane. Masfjorden kommune sin del vert finansiert over driftsbudsjettet.
3. Anlegget skal etablerast gjennom eit eige aksjeselskap der aksjeandelen er delt likt mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

1.3.

Saknr	Utval	Type	Dato
100/2018	Formannskapet	PS	28.11.2018
069/2018	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Etablering av BERIVEST AS

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Stiftingsprotokoll BERIVEST (3)	21.11.18
Vedtekter aksjeselskap øvingsfelt	22.04.18
ROS- analyse BERIVEST AS - April 2018 (3)	
BeriVest Risikoanalyse hoved (2)	
Leigeavtale Sløvåg utvikling AS (76422)	
Signerte intensjonsavtaler	19.11.18
Intensjonsavtale Slakteriet	
Vedr. GMBR kurstilbud HI	
VS Behov for kurs og opplæring - Intensjonsavtale med BERIVEST AS	
Intensjonsavtale med Helse Bergen	

KS - vedtak:

1. Masfjorden kommune opprettheld tidlegare kommunestyrevedtak (KS-051/2017) om etablering av øvings og kompetansesenter i Gulen Industrihamn.
2. Selskapet skal ha namnet BERIVEST AS.
3. Selskapet vert eit aksjeselskap der Gulen og Masfjorden kommunar har 50 % kvar av aksjeandelane.
4. Vedtekter for selskapet vert vedtekne slik dei ligg føre.
5. Styret består av 3 medlemmar valt av kommunestyret. Framlegg til styre er ein politisk representant frå kvar kommune, og ein ekstern representant. For Masfjorden kommune vert Torill Torsvik Størkersen valgt som representant i styret.

1.4.

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
035/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Gulen og Masfjorden brann og redning (GMBR). Søknad om midlar til oppstart av øvings- og kompetansesenter Berivest as

Kommunestyret - 035/2019

KS - behandling:

Torill Torsvik Størkersen (Ap) spurte om ho er inhabil sidan ho er styremedlem i Berivest AS. Kommunestyret samla seg om at Størkersen var habil i denne saka. Saka vart drøfta.

Kommunestyret jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre løyver inntil kr 750 000,- i eingongsstøtte til etablering og oppstartskostnader av Berivest AS

Ein føreset at styret også ser på om det er mogleg å hente inn ekstern kapital til etableringa. Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre løyver inntil kr. 750 000,- i eingongsstøtte til etablering og oppstartskostnader av Berivest AS

Ein føreset at styret også ser på om det er mogleg å hente inn ekstern kapital til etableringa.

1.5.

Saknr	Utval	Type	Dato
115/2020	Formannskapet	PS	17.11.2020
085/2020	Kommunestyret	PS	30.11.2020

Berivest - søknad om tilleggsløyving etablering av øvingsfelt for brann og beredskap

KS - vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 675.000 til restfinansiering for etablering av Berivest – øvingsfelt for brann og beredskap. Midlane vert dekkja over drifta i 2020 rekneskapen, og vert innarbeidd i siste budsjettrevisjon 2020.

I påvente av etablering av as et er rekneskapen ført i kommunerekneskapen til Masfjorden, ein rekna i starten med at dette var for kort tid, men det har teke lang tid å få skipa selskapet.

Prosjektrekneskapen er ført med mva.refusjon.

Kommunane har løyvd samla kr. 2.850.000

Brutto rekneskap viser 2.534.886, noko som inneber at ein har att kr. 315.114. Dette skal dekke rest investeringar - aksjekapital – driftslikvider – dvs. at ein framleis har eit finansieringsavvik

For å gjennomføre investeringa treng ein tilleggsøyving på kr. 750.000, fordelt med 375.000 pr. kommune
Aksjekapital på kr. 50.000 pr. kommune – samla 100´
Driftslikvider i startfasen

Det vert søkt om lån påkr. 500.000 av kvar av eigarkommunane.

Vurdering

Ein legg opp til eit skarpt skilje mellom kommune og selskap frå 1.1.2021. Alt i 2021 vert ført i as berivest. Verdiane som mellombels er ført i kommunerekneskapen (2018-20)skal over til selskapet, når selskapet er stifta og registrert i brønnøyregistra. Prosjektrekneskapen er ført med mva.refusjon. dette må korrigerast for i samband med etablering av selskapet.

Oppgjer for overføringa skjer mot dei løyver som er gitt i vedtaka. Dei midlane som er tilført skal vere vederlag for å dekke kompetanseavviket som i dag ligg på GMBR. For å gjere dette riktig må det utarbeidast ei prisliste for tenestene, og det må førast som sal i selskapet sitt rekneskap. Det må lagast ei avtale med selskapet som syner desse føresetnadane.

Det er vidare semje om at for den situasjon at Berivest treng driftskapital, vil lån inn til selskapet vere ein farbar veg. Ein førebels «lånesøknad på kr. 500.000 til kvar kommune er mottatt, men ikkje styrebehandla. Kommunane krev og framlagt eit budsjett, med realistiske tal både på innteks- og utgiftssida. Det bør gå fram korleis ein skal drive kursa og selskapet, pris for instruktørar, tidsplan for opplæring mannskap i GMBR.

Dei føresetnadene som er innarbeidd i vurderingsdelen må vere på plass før utbetaling av lån vert gjort frå kommunen si side

Konklusjon

Gitt av dokumentasjonskravet i vurderingsdelen er på plass og har eit akseptabelt innhald, tilbyr Masfjorden kommune Berivest as tilbod om lån gjennom kraftfondet med inntil kr 500.000 til ferdigstilling investeringsføremål og oppstart av selskapet. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid, og det er naturleg å sette ein frist, slik at midlane ikkje vert bundne unødvendig opp, med frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 11.07.2021.

STIFTINGSPROTOKOLL FOR BERIVEST AS

Stifting av: **BERIVEST AS**

Dato: 01.01.2021

Stad: Masfjordnes

Stiftar sitt namn	Org.nr.	Representert ved
Masfjorden kommune	945627913	ordfører Karstein Totland
Gulen kommune	938497524	ordfører Hallvard Oppedal

Sakliste:

1. Opning
2. Godkjenning av sakliste
3. Vedtak om stifting av nytt selskap
4. Aksjeteikning
5. Godkjenning av vedtekter
6. Godkjenning av opningsbalanse
7. Val av styre og styreleiar
8. Dekning av utgifter ved stiftinga
9. Avslutning

1. Opning

Vedtak: Møtet vart sett.

2. Godkjenning av sakliste



Vedtak: Saklista vart godkjent

3. Vedtak om stifting av nytt selskap

Vedtak: BERIVEST AS vart stifta

4. Aksjeteikning

Vedtak: Aksjekapitalen er på kroner 100 000, fordelt på 100 aksjar, kvar pålydande kroner 1 000.

Aksjeteiknar	Tal aksjar	Signatur
Masfjorden kommune	50	
Gulen kommune	50	

Aksjekapitalen skal betalast inn til selskapet innan 30 dagar etter stiftingsmøtet.

5. Godkjenning av vedtekter

Vedtak: Vedtekter vart godkjent

6. Godkjenning av opningsbalanse

Vedtak: Opningsbalansen vart godkjent

7. Val av styre og styreleiar

Vedtak: Styret består av 3 medlemmar.

Ein representant frå kvar kommune vert valt av kommunestyra.

Frå Masfjorden kommune er valt Torill Torsvik Størkersen

Frå Gulen kommune er valt Odd Harald Eide

Som ekstern styremedlem vert oppnemnt Anne-Margrete Bollman

Som styreleiar er oppnemnt Odd Harald Eide

8. Dekning av utgifter ved stiftinga

Vedtak: Selskapet skal dekke utgiftene ved stiftinga.

9. Avslutning

Vedtak: Møtet vart heva og selskapet er å sjå på som konstituert.

01. januar 2021.

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

(Org nr. 945627913)


Karstein Totland
Ordfører

Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

(Org nr. 938497524)


Hallvard Oppedal
Ordfører



Organisasjonsnummer: 926 406 108

Organisasjonsform: Aksjeselskap

Stiftingsdato: 01.01.2021

Registrert i
Føretaksregisteret: 29.01.2021

Føretaksnavn: BERIVEST AS

Forretningsadresse: Sløvågen 44
5960 DALSYRA

Kommune: 4635 GULEN

Land: Noreg

Aksjekapital NOK: 100 000,00

Styre:
Styreleder: Odd Harald Per Eide
Dingevegen 40
5966 EIVINDVIK

Styremedlem: Torill Torsvik Størkersen Representant for A-aksjonærane
Anne-Margrete Bollmann Representant for A-aksjonærane

Signatur: Styrets leder og ett styremedlem i fellesskap.

Prokura: Styrets leder alene.

Revisjon av
årsrekneskap: Føretakets årsrekneskap skal ikkje reviderast.

Vedtektsfesta formål: Å driva kurs og øvingsfelt for opplæring av brannmannskap og andre som treng øving i brann- og redningsarbeid, samt andre relevante kurs som kan vera aktuelle i marknaden. Videre utleige av øvingsfelt og kompetansepersonell. Andre relaterte tenester innan brannvern.



Brønnøysundregistra

Føretaksregisteret, Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Organisasjonsnummer: 974 760 673
Internett: <http://www.brreg.no>

Firmaattest

Opplysningstelefonen: 75 00 75 00
Telefaks: 75 00 75 05

Firmaattesten inneheld opplysningar registrerte i Føretaksregisteret om eit bestemt føretak identifisert med organisasjonsnummer.

Opplysningane omfattar forhold som er registrerte i Føretaksregisteret på utskriftsdatoen.

Meldepliktige forhold som ikkje er melde, og som er i strid med det som er registrert, kan ikkje gjerast gjeldande overfor tredjemann, med mindre tredjemann kjende til eller burde ha kjent forholdet, jf. føretaksregisterlova § 10-1.

Kven som helst har rett til å gjere seg kjend med det som er registrert i Føretaksregisteret. Dette gjeld likevel ikkje fødselsnummer.